

***Vurdering av Hedalen mølle***

***I Sør – Aurdal***

***Tilstand og forslag til utbedring.***



**Rapporten er utarbeida av bygningsvernrådsgjevar ved Valdresmusea**

**Odd Arne Rudi**

## **Bakgrunn**

Det er stiftinga Bautahaugen Samlingar som er eigar av Hedalen Mølle. Medlemmar der har gjort ein god innsats for å hindra at mølla har falt saman. Likevel er det store oppgåver som ventar om mølla skal kunne bestå for framtida.

Derfor tok dei kontakt med meg for å få ei vurdering av dagens situasjon, og forslag til kva som må gjerast.

Anlegget ved elva her består også av ein skåle, som må takast med i samanhengen.

Denne rapporten tek berre for seg det bygningsmessige og ikkje det tekniske utstyret i og rundt mølla.

## **Kort om skålen**

Skålen er i bindingsverk og er panela med hon –bord.

Skålen har måla 330 x 400.

## **Kort om mølla**

Naturleg nok ligg mølla tett nedtil elva for at drift skulle vera mogleg. Dette har den negative verkningen at vatn og is til tider belastar bygningen, og vedlikehald er svært viktig, både på mølle og dam.

Mølla er i stor grad bygd av oppattbrukte materialar, mykje kjem frå ein eldre låve. Mølla er bygd i bindingsverk og er i tre høgder.

## Skålen

### *Tilstand:*

Skålen er satt opp i bindingsverk, av 3"x 3", og 4"x 4". Utvendig panel er av hon – bord.

Taket har bølgeblekk – plater.

Skålen er i bra stand, men har, på grunn av at det er liten klaring til bakken, mindre råteskader i nederkant av panel. Det kan også vera råte i botnsvill mot nord, men dette var vanskeleg og konstantera ved befaringa fordi at det er mykje ved i skålen.

Skogen står for tett inntil på nordsida.

### *Tiltak:*

- Jekka opp heile skålen, og slik skapa betre avstand til bakken.
- Skifte/skøyte råteskadd panel.
- Eventuelt skøyte botnsvill mot nord.
- Hogge tre på nordsida.



*Eit fint lite hus som absolutt høyrer med i heilheita på staden.*



*Det er litt råte i panel, og truleg også i botnsvilla her.*



*Skogen står for tett inntil.*

## **Mølla, utvendig**

*Veggen mot nord*

*Tilstand:*

Sjølve veggen står høgt og fritt og er i bra stand. Han er panela med over – og underliggarar, og det er brukt mykje stubb.

Bæringa under veggen verkar for å ha sige noko. Ein av stolpane har glidd ut av tappholet sitt. Det er ei viss fare for press frå jordbakken her.

Det er fare for at det er råte i bæringa som ligg på bakken.

Hjørne mot nord aust står på ein laftestein som er noko ustabil.

”Omramma” (understøtting for ei gåbru inn i andre høgda?) rundt døra i fyrste høgda har råteskadar i botnen.

*Tiltak:*

- Heile veggen må jekkast opp. Det må skapast avstand mellom bakken og treverket. Det må vurderast om botn –bæringa må skiftast.
- Overflatevatn må avskjerast.
- Laftestein under nord austre hjørne må stabiliserast.
- ”Omramma” må kappast i nedrekant, og anten skøytast eller det kan leggest gode beresteinar under.
- Jordtrykket vert redusert når veggen vert jekka opp, men det kan også vera nødvendig å fjerne noko jordmasse.



*Veggen mot nord.*



*Truleg er det råte i bæringa her, slik at ei utskifting kan vera nødvendig.*



*Bæringa har sige, slik at tappen har sleppt.*



*Hjørnesteinen er ustabil og må sikrast. Resten av muren på bilete er for turkepanna og har ingenting med veggen å gjera.*



*Døra i fyrste høgda har ei kraftig omramming, denne er roten nedst.*

### *Veggen mot aust*

#### *Tilstand:*

Denne veggen heng i både hjørne, og er dermed høgast ved døra. Men også her verkar han for å liggja djupt i terrenget, og det er litt råte på panelet her. Også på panelet på hjørne aust/sør er det litt råte.

Skråspennet på stolpen til høgre for døra har slept taket, på hjørnestolpen mot nord er det ikkje skråspenn.

Noko av panelet har losna.

Hengslene på døra er ein moderne variant som er galvaniserde.

Murplattingen som er utanfor døra er i ferd med å gli ut. Muren under huset verkar for å vera stabil.

Dør og glas er i bra stand.

#### *Tiltak:*

- Veggen må jekkast opp i både hjørner.
- Panelet må spunsast etter behov.
- Det må skapast hald mellom skråspenn og stolp.
- Det bør setjast på skråspenn også på stolpen på hjørne mot nord.
- Feste att panel.
- Skifte hengsler på døra til ein "eldre"variant.
- Plattingen ved døra må demonterast så mykje som nødvendig for og skapa stabilitet i denne att.



*Veggen mot aust.*



*Veggen heng i både hjørne og må jekkast opp.*



*Skråspennet må få bedre hald i stolpen.*



*Det er litt råte i nederkant panel på desse to plassane.*



*Fundamentet ved døra er i ferd med å gli ut og må stabiliserast.*

### *Veggen mot sør*

#### *Tilstand:*

I seg sjølv er denne veggen bra, men han vert pressa ut i etasje – skille mellom fyrste og andre høgda. Litt av panelet har losna.

Glaset manglar kitt.

#### *Tiltak:*

- Når hjørna vert jekka opp vil, på grunn av skråspenna i veggen, utpressinga i etasjeskille bli pressa tilbake. Men det er lite truleg at dette vil vera nok til å få ein rett vegg, i tillegg kan noko strammast inn med taljer og wire, men det er lite sannsynleg at det let seg gjera å få inn att alt. Dette må ein leva med.
- Feste panel.
- Kitte glas.



*Veggen mot sør.*



### *Veggen mot vest*

#### *Tilstand:*

Det var mykje snø ved denne veggen ved befaringa, så han var litt vanskeleg å sjå, men det er truleg noko råte på panel i botn.

Det står eit tre for nær veggen.

Det står ein "ny" stolpe på midten på øvre delen. Likevel er dette punktet svært lågt. Det er også råte i vassbrettet på dette punktet.

#### *Tiltak:*

- Skifte panel etter behov.
- Fjerne treet.
- Stramme opp midten av øvre delen av veggen.
- Skifte det som er nødvendig av vassbrettet.



*Veggen mot vest.*



*Veggen heng mykje her og må strammast opp.*



*Treet står for nær huset og må fjernast.*

### *Taket*

#### *Tilstand:*

Dette er eit sperretak der undergurten går heilt ut til han møter taktekinga.

Taket er lekta opp med halvklovningar med bølgeblikk –plater oppå. På grunn av snøen var det ikkje rå og sjå platene.

Platene har for lite utstikk i forhold til fremre lekta, som er eit 1" x 6" bord, slik at dette i stor grad har rotna. Det er også råteskader på nokre av sperre –endane.

Dette gjeld særleg på sida mot vest.

#### *Tiltak:*

- Bordet som ligg som den fremre lekta må skiftast etter behov. Ho må trekkjast inn for å hindra vidare oppråtning.
- Dei sperre – endane som har råte må skøytast.



*Det er råte i nokre av sperre – endane.*

### *Grunntilhøve ved mølla*

#### *Tilstand:*

Dette er det største problemet ved og med mølla. Ho står som tidlegare nemt utsett til for vatn og is, samtidig er det eit trykk frå bakken frå oversida.

Øvre delen av mølla har sunke.

Stolpane under golvåsane på øvre delen er svært skakke.

Det store fundamentet for turkepanna har falt heilt saman.

#### *Tiltak:*

- Det er satt opp nye stolpar under golv –åsane i fyrste høgda, under sjølve mølle –delen. Dette er gamle kreosotbehandla lys –stolpar, som frå eit restaureringsynspunkt kanskje ikkje burde vore brukt, men som reint praktisk er hensiktsmessig i og med at dei er svært bestandige mot den påkjenninga dei får . Dette gjeld også for golv –åsane her.
- Øvre delen av mølla må jekkast opp, og det må gravast vekk ein del masse for å minske jord –presset.
- Overflatevatnet må leiast vekk.
- Det må til nye haldsteinar under fleire av bærepunkta.
- Stolpane under golvåsane på øvre delen må sikrast, betre fundament og skråband.
- Fundamentet for turkepanna må takast ned og murast opp att.



*Fundamentet for turkepanna må murast om og det må til betre understøtting for golvåsane.*

### ***Innvendig***

#### *Møllerrommet*

#### *Tilstand:*

Det er lagt nye golv i sjølve møllerrommet. Det er også skifta botnsvilla mot vest. Botnsvilla mot nord har råteskader. Veggen mot aust heng i både endar.

#### *Tiltak:*

- Skøyte botnsvill mot nord.
- Jekke opp veggen mot nord i både endar.



*Veggen mot aust heng i endane.*



*Råte i svilla mot nord.*

### *Møllarens kvilerom*


#### *Tilstand:*

Rommet er isolert og panela og framstår som eit fint rom. Golvet hallar mot nord, men dette vil retta seg når denne veggen vert jekka opp.

Det har vore taklekkasje som har forårsaka store råteskader i himling og golv.

#### *Tiltak:*

- Skifte himlinga i feltet mot nord. Må leggjast inn same type panel som det som er der i dag.
- Reparera golvet.



*Råte i himling og golv i kvilerommet.*

### *Turkeavdelinga*

#### *Tilstand:*

Fundamentet for turkepanna er svært dårleg, panna er sikra ved at ho er lagt på golvet ved sidan av. Golvet er av denne grunn vanskeleg å sjå, men det kan vera skader i dette.

#### *Tiltak:*

- Mure oppatt fundamentet.
- Setja på plass att turkepanna.
- Eventuelt reparera golvet.



*Det er mykje arbeid her før det kan turkast korn att.*

### *Tredje høgda*

Her er det ikkje behov for spesielle tiltak.